



Adolf Hovgaard

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1303 - 18/10903

Saksbehandlar:

Kathrine Straumøy Brakstad

kathrine.s.brakstad@meland.kommune.no

23.05.2018

## Referat frå drøftingsmøte 16.05.2018

Til stades:

Fagforbundet	Anita Dale
Norsk sykepleierforbund	Kristine Hordvik
Juristforbundet	Erik K. Johannesen
Naturviterne	Berit M. Eskeland
Den norske jordmorforening	Lisbeth Ø. Austgulen
Norsk Fysioterapeutforbund	Hilde Sæbdal
Utdanningsforbundet	Adolf Hovgaard
Den norske legeforening	Grete Wold

Personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen

Organisasjonsrådgjevar Guro Osnes

### I møte:

Personal- og organisasjonssjef innleia med bakgrunn for retningslinjene. I dag har ein 12 mnd med sjukepengereittar frå NAV før ein når maxdato og går over på andre ytingar. Når maxdato er nådd har dagens retningslinjer sagt at arbeidstakar må søkje permisjon frå stillinga si.

Arbeidstilsynet har uttalt at det ikkje er nokon lovheimel for å krevje at arbeidstakar søker permisjon, ein har difor gjort nokre materielle endringar i dagens retningslinjer.

Noverande retningslinjer har heller ikkje vore tydelege på kven som har oppfølgingsansvaret for dei som er i permisjon ut over maxdato. I dei nye retningslinjene er ansvar for oppfølging lagt til tenesteområdeleiarane, som skal følgje saka heilt til arbeidstakar er tilbake i jobb eller arbeidsforholdet har opphørt.

Det har også vore ein diskusjon rundt kva som er best for arbeidstakar når det gjeld oppseiing, og ein har landa på formuleringa frå KS Advokatane.

Infotjenester hadde eit kurs i Meland i 2016, der begrepet «tidsavgrensa arbeidsfråvær» vart introdusert, og det har danna grunnlag for revidering av retningslinjene.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Det er viktig at fráværet har ein legitim grunn, difor er det lagt inn krav om dokumentasjon.

Innspel arbeidstakarorganisasjonane:	Arbeidsgjevar:
Det vart stilt spørsmål om kva som eigentleg er forskjellen mellom ny og gamal rutine.	I praksis er permisjon endra til tidsavgrensa arbeidsfrávær.
Det vart vidare stilt spørsmål om kven som skal gjere vurderingane i pkt. 2.	Dette er det arbeidstakar eller lege som gjer. Til dømes er det fleire tilfelle der arbeidstakar er tydeleg på at dei ikkje kjem tilbake.
Under punkt 3 vart det stilt spørsmål om perioden kunne verte utvida til 30 månader.	Dette vart bekrefta.
Vidare vart det stilt spørsmål om kor langt arbeidsgjevar strekkjer seg for å finne anna passende arbeid.	Arbeidsgjevar må vurdere andre ledige stillingar som arbeidstakar er kvalifisert for, men har ikkje plikt til å opprette nye stillingar. I ei oppseiingssak er det ein del av saklegheitsvurderinga å undersøkje om det er anna passende arbeid som er ledig.
Kva skjer med dei tilsette som har permisjon i dag?	Dei nye retningslinjene gjeld saker som kjem opp frå no av. Tilsette som allereie har permisjon følgjer gamle retningslinjer.
Det kom eit ønskje om at tidsavgrensa arbeidsfrávær vert definert tidlegare i teksten.	Ein skal sjå på dette, og omformulere.
Kven er retningslinjene tilgjengeleg for?	Retningslinjene vert lagt på KF Kvalitet og er tilgjengeleg for alle tilsette i Meland kommune.

Med helsing

Kathrine Straumøy Brakstad  
personalkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Guro Osnes  
Kari Anne Iversen

**Kopi til:**  
Martin W. Kulild

**Mottakere:**

Adolf Hovgaard  
Anita Dale  
Berit M.Eskeland  
Erik Knag Johannesen  
Grete Wold  
Hilde Sæbdal  
Kristine Hordvik  
Lisbeth Øren Austgulen  
Marianne Bratshaug  
Merethe Tvedt